

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Vik kommunehus, møterommet Vikja

Møtedato: 04.02.2026 Start kl 09.00-11.00

Til stades: Brita Sissel Turvoll, Solrun Skogheim, Nann Ingun Simlenes, Silje Grønningsæter, Roy Egil Stadheim (var ikkje til stades på sak 26/25:budsjett 2026)

Fråvær: Endre Nese, Kjell Olav H. Nordheim. Roy Egil Stadheim deltok på orienteringssakene, men var ikkje til stades på handsaminga av sak 04/26 og 05/26.

INNKALLING TIL MØTE I VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

TID: 04. februar 2026 kl 09.00

STAD: Møterommet Vikja på kommunehuset i Vik

Sak 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknad til innkalling og sakliste

Sak 02/26 Godkjenning av referat frå møtet 29.10.2025

Referat frå møtet er godkjent

Sak 03/26 Orienteringssaker

- **Førebels driftsrekneskap 2025:**
Viser mindreforbruk, (p.g.a. vakanse i stilling i 2025) slik vi også såg ved andre tertialrapportering. Mindreforbruk vert sett inn på fond (ubundne driftsfond). Budsjett for 2026 legg opp bruk av fond (ubundne driftsfond).
- **Bemanning på kyrjekontoret 2026:**
I budsjettet for 2026 er det lagt inn bemanning slik den er per 01.01.2026. Når medarbeidarar vel å pensjonere seg må det lysast ut ny stilling.
- **Prosjekt: Nytt skifertak på Vangsnes kyrkje:**
Gjennomgang av anbodskonkurransen og val av entreprenør. Skifertak AS vann konkurransen. Vi har søkt midlar frå Kirkebevaringsfondet, ventar avklaring frå dei i starten av mars. Anleggsperiode vert frå 13.april -29.mai.
- **Sogn Brann og Redning: branntilsyn 21.01.2026:**

Vi ventar på rapport frå branntilsynet. Vi legg til grunn at vi (kyrkjeverje og kyrkjetenar) må jobbe ein del med å få naudsynt dokumentasjon, utstyr og rutinar på plass.

- **Prosess med tilsetjing av prest** – kort orientering.
- **Medarbeidarfest.** Ein god møteplass og fint måte å takke alle frivillige på. Dette er ein tradisjon som vi ynskjer å halda på årleg.

Sak 04/26 Revidert driftsbudsjett 2026

Samrøysta vedtak.

Vik kyrkjelege fellesråd vedtek revidert budsjett 2026 slik det ligg føre.

Sak 05/26 Møteplan 2026

Samrøysta vedtak for fylgjande møteplan:

Nr	Møtedato (onsdagar)	Merknad
01	4. februar	
02	18. mars	Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap (innan 20.mars)
03	10. juni	Endeleg revisormelding skal leggjast fram Tertialrapportering (rekneskap) 1. tertial
04	23. september	Drøfting av overordna budsjettutkast for 2027 før det vert sendt ut til Vik kommune for vurdering. Tertialrapportering 2. tertial
05	18.november	Fellesrådet vedtek budsjett 2027 med bakgrunn i budsjettframlegget og samordning med kommunen sitt budsjett. Fellesrådet må justere budsjettet sitt etter kommunen sitt vedtak (gjort i kommunestyret sitt desember-møte) dersom det vert endringar i rammene.

10.02.2026

Turid K. Brekke, Kyrkjeverje og referent